

Ulvik herad sitt førebels rekneskap syner eit underskot/ meirforbruk på kr 4 536 955,05

Då me la budsjettet for 2017, budsjetterte me med eit mindreforbruk i drift som skulle overførast til investering på kr 4 325 484 , i tillegg vart det bestemt at kr 1 490 722 av kraftinntektene skulle overførast til investeringsfond. Til saman vart det budsjettert med eit mindreforbruk på kr 5 816 206. Dei budsjetterte overføringane til investering er ikkje gjort, og overføring til investeringsfond er berre delvis gjennomført. For økonomien betyr dette at heradet må låne kr 4 325 484 meir enn planlagt. I tillegg vert overføringane til fond redusert med kr 211 500.

Me ser at einingane har eit meirforbruk på til saman 5 301 000 kroner.

For stab/støtte er det primert kontingentar og linjeleige som utgjer den store differansen. Dette er eit resultat av at Odda kommune sa opp avtalen om felles dataløysing og heradet fekk ny avtale med Kvam, slik at heradet betalt dobbel linjeleige/ kontingentar i oppseiingsperioden.

Barnehagen var underbudsjettert i samband med modulbarnehagen.

Helse og sosial har også i år hatt utfordringar på legetenesta, der dei har nytta vikarlækjar frå vikarbyrå delar av året. I tillegg har det vore større utgifter til barnevern og omsorg/personleg assistent enn budsjettert.

Nav har større utbetalingar til sosialstønad enn budsjettert.

Vidare ser me at premieavviket dette året og amortisering av tidligare års premieavvik nesten veg opp kvarandre. Netto utgiftene til dei framtidige pensjonsutbetalingane gjev eit positivt resultat i år.

Me ser at skatteinntektene utgjer om lag 1,2 millionar kroner mindre enn budsjettert. I budsjettarbeidet la ein opp til ein moderat skatteauke, nokon mindre enn det som kom fram i KS sine prognosar. Likevel er skatteinngangen for 2017 ca 100 000 kroner lågare enn det den var i 2016 og då er det ikkje tatt høgde for prisauke. Den låge skatteinngangen påverkar inntektsutjamninga, og rammetilskotet vert høgare enn budsjettert.

Statstilskot flyktningar er høgare enn budsjettert.

Heradet har hatt høgare avdragsutgifter enn venta, dette heng saman med nedbetalingstida på refinansierte midlar. Renteutgiftene har vore høgare enn venta, i budsjettet la ein opp til ei rente på 1,5 %, den faktiske renta vart 1,69%.

Renteinntektene og inntekter frå vatn og avlaup(VAR) er høgare enn venta.

Som følge av vedtak i heradstyret er ca 1,7 millionar kroner av disposisjonsfond nytta i drifta i for 2017.

Den totale rekneskapen syner at ein har nytta meir midlar til drift enn det heradet har i inntekter i 2017. Overføringane som var planlagt nytta til investeringane er også nytta til driftskostnader, likeins delar av overføringa til investeringsfond. Overføringane frå disposisjonsfondet gjer at heradet har midlar til å dekke inn driftsutgiftene for 2017. Det at planlagde overføringar ikkje er gjennomført

gjer at heradet må låne meir for å møte investeringane i 2017 og dei framtidige investeringskostnadane.

Budsjettet for 2017 var eit ambisiøst og stramt budsjett som i stor grad bygde på sparekatalog og forslag frå Telemarksforsking sin rapport. Ein ser no at ikkje alt vart som venta og at spesielle hendingar har gitt kostnader som var uråd å sjå på førehand.

Ansvar	Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Overskot/underskot	ikkje gjennomførte overføringar
210	Stab/støtte	17 117 868,07	16 122 844,93	-995 023,14	
220	Barnehagen	8 452 753,19	7 875 119,84	-577 633,35	
230	Undervisning	19 769 233,63	19 708 608,00	-60 625,63	
240	Helse & omsorg	14 245 427,26	12 167 482,40	-2 077 944,86	
250	PLOMS	23 845 348,52	23 505 895,20	-339 453,32	
270	NAV	4 338 486,18	3 074 508,58	-1 263 977,60	
280	Teknisk leiar	14 043 447,32	14 057 134,73	13 687,41	
		101 812 564,17	96 511 593,68	-5 300 970,49	
	Årets premieavvik			1 584 171,00	
	Amortisering av tidlegare års premieavvik			-1 715 281,00	
	Kraftinntekter			4 533,91	
	Skatt på forskotspliktige			-1 184 343,80	
	Eigedomsskatt			-59 661,49	
	Statleg rammetilskot			1 133 748,10	
	Statstilskot flyktningar			853 800,00	
	Renteutgifter			-200 686,02	
	Avdrag			-270 567,00	
	Overført til investeringsrekneskapet			4 325 484,00	-4 325 484,00
	Overført til ubunde invest. fond			211 471,05	-211 471,05
	Renteinntekter			220 665,49	
	Inntekter VAR- område			417 746,00	
	Utbyte og eigaruttak			-3 730,00	
	Diverse			-16 379,75	
				5 300 970,49	
	Meirforbruk i forhold til budsjett				-4 536 955,05
	Raude tal = underskot				
	Svarte tal = overskot				

Med venleg helsing

Ingvill Tesdal
Økonomisjef